

FRAMGANGSMÅTE VED OPPRETNING AV FESTETOMT:

1. Frådeling/oppretting av ny festetomt:

Heimelhavar(grunneigar) sender søknad om frådeling av festetomt til Hemsedal kommune. Søknaden vert behandla og vedtak fatta etter Jordlov og Plan- og bygningslov. Ved positivt vedtak vert saka overført til Hemsedal kommune – Oppmåling som opprettar festetomta i Matrikkel, sørger for tinglysing og ved det oppretting av festetomta i grunnbok.

Gebyr for behandling etter jordlov: kr 750,-

Gebyr for behandling etter plan- og bygningslov: I regulert område: kr 890,-
I uregulert område: kr 1820,-

Dersom festetomta alt er godkjent og det er oppretta festekontrakt kan ein sjå bort frå punkt 1

2. Der festetomta er godkjent og det eventuelt tidlegare er oppretta festekontrakt:

Heimelhavar(grunneigar) må søke om oppretting av festetomt på fastsett skjema – søknad om oppmålingsforretning som skal sendast Hemsedal kommune – Oppmålinga. For søknadskjema sjå Hemsedal kommune si nettside: www.hemsedal.kommune.no under Bustad og eigedom – Oppmåling - Skjema.

Kommunen utfører oppmålingsforretning og opprettar festetomta i Matrikkelen, sørger for tinglysing og ved det oppretting av festetomt i grunnbok. Oppretting av festetomt i grunnbok må vera utført *før* registrering av festar kan skje ved innsending av festekontrakt til tinglysing.

Gebyr for oppmålingsforretning er (for areal: 501 – 2000 m²): kr 13200,-

I tillegg kjem gebyr for tinglysing av matrikkelbrev, for tida: kr 1548,-

3. I tilfeller der det er oppretta eldre festekontrakt:

Festekontrakten må overførast til nytt formular av festekontrakt. Formular for ny festekontrakt finn du på Statens kartverk si nettside: www.statkart.no under Tinglysing – Fast eigedom– Skjema og blankettar eller på Hemsedal kommune si nettside: www.hemsedal.kommune.no under Skjema – Bustad og eigedom – Oppmåling.

I enkelte tilfelle kan Tinglysingen godta tinglysing av eldre festekontrakter. Ta då kontakt med Statens kartverk - Tinglysingen for informasjon om rett framgangsmåte tlf: 32 11 88 00 (08:00 – 14:00)

I tilfeller der det ikkje er oppretta festekontrakt tidlegare/ festekontrakten er kome på avvege:

Heimelhavar(grunneigar) og festar fyller i fellesskap ut festekontrakt på fastsett blankett og sender denne inn til tinglysing hjå Statens kartverk – Tinglysingen.

Blankett for festekontrakt finn du på nettsida til

Statens kartverk – Tinglysingen: www.statkart.no eller nettsida til

Hemsedal kommune: www.hemsedal.kommune.no

Gebyr for tinglysing av festekontrakt er for tida kr 1548,-